



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 23.10.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 19:30

- Møtet starta med presentasjon av rådmannen sitt budsjettframlegg for 2018
- Behandling av dei utsette sakene frå møtet 16.10.2017

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|---|-------|--------------|
| Eirik Haga | AP | Ordførar |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |
| Anne Christin Eide | AP | Medlem |
| Anders Jin Risnes | AP | Medlem |
| Magne Hestad | AP | Medlem |
| Brita Hesjedal Lunde | AP | Medlem |
| Jan Hansen | AP | Medlem |
| Bjørn Øivind Krogsrud | AP | Medlem |
| Sigmund Simmenes – Permisjon frå kl 1915 – før behandlinga av sak 72/2017 | SP | Varaordførar |
| Hege Eide Vik | SP | Medlem |
| Jarle Audestad | SP | Medlem |
| Line Eide Vik | SP | Medlem |
| Kjartan Haugsnes | SV | Medlem |
| Line Kydland | SV | Medlem |
| Arne Normann | KRF | Medlem |
| Jan Erik Bernes Roe | KRF | Medlem |
| Anneli Vatile Lilletvedt | H | Medlem |
| Bjørn Roald – Permisjon frå kl 1630 – før behandlinga av sakene | H | Medlem |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Tom Charles Johnsen | MDG | Medlem |

| Varamedlemmer | Parti | Rolle |
|---|-------|------------|
| Odd Jøran Oldervik | SV | Varamedlem |
| Erlend Ragnvaldsen – Frå kl 1630 – under behandlinga av sak 69/2017 | H | Varamedlem |

| Forfall | Parti | Møtande varamedlem |
|-------------|-------|------------------------|
| Evelyn Boge | SV | Odd Jøran Oldervik, SV |



Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking

Økonomisjef Truls Morten Kaland

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad

Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|----------------|--|
| 69/2017 | INNBYGGARFORSLAG OM PLASSERING AV NY SKULE PÅ DALE |
| 70/2017 | BYGGEPROGRAM OG KOSTNADSRAMME FOR NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE |
| 71/2017 | DELTAING I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION |
| 72/2017 | INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - BARNEHAGEOPPTAK FOR 1 ÅRINGAR |



69/2017: INNBYGGARFORSLAG OM PLASSERING AV NY SKULE PÅ DALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt fram to alternative framlegg:

1. Vedtak i kommunestyret 03.04.17 om val av tomt til ny skule på Dale vert oppretthalde.
2. Val av tomt til ny skule på Dale vert tatt opp til ny behandling. Rådmann førebur ny sak.

Kommunestyret 16.10.2017

Behandling:

Boris Groth stilte spørsmål om open halvtime. Etter ei kort drøfting, sendte kommunestyret saka over til ombudsutvalet for å sjå på reglementet i punkt 7.1 om Open halvtime. Gjeld spesielt om innbyggjarar kan ta opp saker som står på sakslista i møtet.

Saka utsett til 23.10.2017

KOM - sak 64/2017 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret 23.10.2017

Behandling:

Dei 2 alternativa vart sett opp mot kvarandre. Alternativ 2 fekk 7 røyster (SV, H, FRP, MDG) og fall.

KOM - sak 69/2017 Vedtak:

Vedtak i kommunestyret 03.04.17 om val av tomt til ny skule på Dale vert oppretthalde.

70/2017: BYGGEPROGRAM OG KOSTNADSRAMME FOR NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret legg alternativ 4 med auditorium/kultursal til 120 personar samt kombinert opplærings- og terapibasseng på 12,5 meter til grunn for ny skule på Dale.

Kostnadsramma for utbygginga vert sett til 235,2 millionar kroner. I kostnadsramma ligg det inne ein avsetning på 10 % for uventa kostnader kor prosjektleiar får fullmakt til å disponere 1 %, byggenemnd 3 % og formannskapet dei resterande 6 %.

For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Stanghelle i byggeperioden 2018-2020. Skulefritidsordning vert etablert i Turbinen fleirbrukshall på Dale.

Rådmann vert beden om å utarbeide ein moglegheitstudie for gjenbruk av ungdomskulebygget samt forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.10.2017

Behandling:

Rådmannen v/einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte om status i prosjektet.

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV og H:

1. *Kommunestyret legg alternativ 4b med auditorium/kultursal til 250 personar samt kombinert opplærings- og terapibasseng på 12,5 meter til grunn for ny skule på Dale.*
2. *Kostnadsramma for utbygginga vert sett til 248,2 millionar kroner. I kostnadsramma ligg det inne ein avsetning på 10 % for uventa kostnader kor prosjektleiar får fullmakt til å disponere 1 %, byggenemnd 3 % og formannskapet dei resterande 6 %.*
3. *Til kommunestyremøtet 16.10.2017 vert rådmannen beden om å utarbeide ein grovkalkyle for alternativ plassering av skule på Sandliane. Ein slik grovkalkyle må innehalde minimum:*
 - a) *Kostnader ved eit års utsetting av prosjektet.*
 - b) *Erverv av areal*
 - c) *Sal av eksisterande tomt*
 - d) *Riving av all bygningsmasse på eksisterande tomt*
 - e) *Innsparing midlertidig modulsule*
 - f) *Bruk av Turbinen som gymsal frå 1- 10 trinn*
 - g) *Investeringar på Turbinen til dømes lyd/lys/oppdeling - i høve å gjere denne til og sal for kultur versus kultursal i ny skule.*
4. *Ved eventuell plassering av Dale barne og ungdomsskule på Sandliane vert det etablert ein mellombels modulsule på Vaksdal i byggeperioden for ny skule på Vaksdal 2018- 2020.*

Endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

Auditorium/kultursal skal ha plass til 250 personar. Kostnadsramma vert utvida med kr 15 mill.

Endringsframlegg frå Heidi Rongved, AP:

Det skal byggjast 25 m basseng. Kostnadsramma vert utvida med kr 25 mill.

Endringsframlegg frå Sigmund Simmenes, SP:

Det skal byggjast 25 m basseng og auditorium/kultursal for 250 personar. Kostnadsramma vert utvida med kr 40 mill.

Framlegg frå Anne Christin Eide, AP:

Til kommunestyremøtet den 16.10.17 vert rådmannen bede om å utarbeida ein kalkyle for ein kultursal for 200 personar.

Endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

Med utgangspunkt i rådmannen si innstilling – alternativ 4 – til byggeprogram og kostnadsramme fastset kommunestyret:

1. Summen avsett til uføresett vert kr. 14,4 mill. (reduert frå 19,6 i rådmannen sitt framlegg.)
2. Kostnadsramma (alternativ):



| | Alt 4 | Alt 4i | Alt 4ii | Alt 4iii |
|---|-----------|------------|------------|--------------------------|
| Skule K250 med: • 12,5 m basseng • Aud./kult.sal. for 120 | | | | |
| Skule K250 med: • 12,5 m basseng • Aud./kult.sal. for 250 | | + 15 mill. | | |
| Skule K250 med: • 25 m basseng • Aud./kult.sal. for 120 | | | + 25 mill. | |
| Skule K250 med: • 25 m basseng • Aud./kult.sal. for 250 | | | | + 25 mill. + 15 mill. |
| Kostnadsramme | 230 mill. | 245 mill. | 255 mill. | 270 mill. |

3. Kommunestyret forventar ei streng økonomistyring i prosjektet.

Når det gjeld disponering av summen til uføresett får:

- prosjektleiar fullmakt til å disponere inntil kr. 2,0 mill.
- byggenemnda fullmakt til å disponera kr. 4,0 mill.
- formannskapet fullmakt til å disponera kr. 8,4 mill.

4. Totalentreprenør og underentreprenører skal ha tariffavtale.

5. Alle utførende firma skal vera godkjende læreverksemder. Det skal nyttast lærlingar i gjennomføringa av byggeprosjektet.

6. Modulskule

| Rådmannen sitt framlegg | Alternativ | | |
|---|---|----------|---------------------------|
| For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Stanghelle i byggeperioden 2018-2020. | For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Dale i byggeperioden 2018 – 2020. | | |
| Tilrettelegging tomter | 0,6 mill | 5,2 mill | Tilrettelegging tomter |
| Til- og nedrigging | 4,9 mill | 4,9 mill | Til- og nedrigging |
| Leige modulskule | 2,9 mill | 5,0 mill | Leige modulskule (større) |
| Skysskostnader | 4,0 mill | 0,0 mill | Skysskostnader |
| Driftskostnadar skule | 6,0 mill | 0,0 mill | Driftskostnadar skule |
| Usikkerheit | 1,7 mill | 5,0 mill | Usikkerheit |
| TOTALT | 20,1 | 20,1 | TOTALT |

Rådmannen kvalitetssikrer tala til saka vert handsama i kommunestyremøte i oktober.

7. Rådmann vert beden om å utarbeide ein moglegheitstudie for gjenbruk av ungdomskulebygget samt forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.

Ekstrafamlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Val av løysing for midlertidige lokaler/modulskule vert å sjå i samanheng og med nybygg/rehabilitering Vaksdal skule som vedteke sak 60/16 og i økonomiplan 2018 – 2021.

SV og Høgre sitt pkt. 3 til avrøysting og punkt 4 vert stroke.



Avrøysting:

Det vart røysta over ordførar sitt framlegg punkt for punkt

Punkt 1 Samrøystes vedteke

Punkt 3 Samrøystes vedteke

Punkt 2 i 4 alternativ:

- Alt. 4 (rådmannen si innstilling) vart sett opp mot alt. 4.iii (Sigmund Simmenes sitt framlegg) Alt. 4 fekk 1 røyst (Eirik Haga) og fall
- Alt. 4.i (Eirik Haga sitt framlegg) vart sett opp mot alt. 4.iii. Alt. 4.i fekk 2 røyster (Eirik Haga og Kjartan Haugsnes) og fall
- Alt. 4.ii (Heidi Rongved sitt framlegg) vart sett opp mot alt. 4.iii. Alt. 4.ii fekk 2 røyster (Eirik Haga og Heidi Rongved) og fall

Punkt 4 Samrøystes vedteke

Punkt 5 Samrøystes vedteke

Punkt 6 Alternativt framlegg vart vedteke med 5 mot 2 røyster (H og SV)

Kjartan Haugsnes sitt ekstraframlegg (som erstatning for opprinneleg forslag):

Samrøystes vedteke

Punkt 7 Vedteke mot 2 røyster (H og SV)

Punkt 3 i Kjartan Haugsnes sitt opprinnelege framlegg: Samrøystes vedteke

Bestillingsforslaget frå Anne-Christin Eide vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 64/2017 Tilråding:

Med utgangspunkt i rådmannen si innstilling – alternativ 4 – til byggeprogram og kostnadsramme fastset kommunestyret:

1. Summen avsett til uføresett vert kr. 14,4 mill. (reduisert frå 19,6 i rådmannen sitt framlegg.)
2. Kostnadsramma (alternativ):

| | Alt 4iii |
|--------------------------|------------|
| Skule K250 med: | |
| • 25 m basseng | + 25 mill. |
| • Aud./kult.sal. for 250 | + 15 mill. |
| Kostnadsramme | 270 mill. |

3. Kommunestyret forventar ei streng økonomistyring i prosjektet.

Når det gjeld disponering av summen til uføresett får:

- prosjektleiar fullmakt til å disponere inntil kr. 2,0 mill.
- byggenemnda fullmakt til å disponera kr. 4,0 mill.
- formannskapet fullmakt til å disponera kr. 8,4 mill.

4. Totalentreprenør og underentreprenørar skal ha tariffavtale.

5. Alle utførande firma skal vera godkjende læreverksemder. Det skal nyttast lærlingar i gjennomføringa av byggeprosjektet.

6. Modulskule

| | |
|---|---------------------------|
| For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Dale i byggeperioden 2018 – 2020. | |
| 5,2 mill | Tilrettelegging tomter |
| 4,9 mill | Til- og nedrigging |
| 5,0 mill | Leige modulskule (større) |



Vaksdal kommune

| | |
|----------|-----------------------|
| 0,0 mill | Skysskostnader |
| 0,0 mill | Driftskostnadar skule |
| 5,0 mill | Usikkerheit |
| 20,1 | TOTALT |

Rådmannen kvalitetssikrer tala til saka vert handsama i kommunestyremøte i oktober. Val av løysing for midlertidige lokale/modulskule vert å sjå i samanheng og med nybygg/rehabilitering Vaksdal skule som vedteke sak 60/16 og i økonomiplan 2018 – 2021.

7. Rådmann vert beden om å utarbeide ein moglegheitstudie for gjenbruk av ungdomskulebygget samt forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.

Til kommunestyremøtet 16.10.2017 vert rådmannen beden om å utarbeide ein grovkalkyle for alternativ plassering av skule på Sandliane. Ein slik grovkalkyle må innehalde minimum:

- a) Kostnader ved eit års utsetting av prosjektet.
- b) Erverv av areal
- c) Sal av eksisterande tomt
- d) Riving av all bygningsmasse på eksisterande tomt
- e) Innsparing midlertidig modulskule
- f) Bruk av Turbinen som gymsal frå 1- 10 trinn
- g) Investeringar på Turbinen til dømes lyd/lys/oppdeling - i høve å gjere denne til og sal for kultur versus kultursal i ny skule.

Til kommunestyremøtet den 16.10.17 vert rådmannen bede om å utarbeida ein kalkyle for ein kultursal for 200 personar.

Kommunestyret 16.10.2017

Behandling:

Saka utsett til 23.10.2017

KOM - sak 65/2017 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret 23.10.2017

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet med nye tal frå rådmannen vart lagt fram i møtet. Endringane er tatt inn med raudt:

Med utgangspunkt i rådmannen si innstilling – alternativ 4 – til byggeprogram og kostnadsramme fastset kommunestyret:

1. Summen avsett til uføresett vert kr 14,4 mill. **16.8 mill.** (reduisert frå 19,6 i rådmannen sitt framlegg)



2. Kostnadsramme (alternativ)

| | Alt 4iii | Nye tal frå rådmannen |
|--------------------------|------------|-----------------------|
| Skule K250 med: | | |
| • 25 m basseng | + 25 mill. | Meir tippemidlar |
| • Aud./kult.sal. for 250 | + 15 mill. | |
| Kostnadsramme | 270 mill. | 262,5 mill |

3. Kommunestyret forventar ei streng økonomistyring i prosjektet.

Når det gjeld disponering av summen til uføresett får:

- prosjektleiar fullmakt til å disponere inntil kr. 2,0 mill - **3,0 mill.**
- byggenemnda fullmakt til å disponera kr. 4,0 mill - **5,0 mill.**
- formannskapet fullmakt til å disponera kr. 8,4 mill - **8,8 mill.**

4. Totalentreprenør og underentreprenører skal ha tariffavtale.

5. Alle utførande firma skal vera godkjende læreverksemdar. Det skal nyttast lærlingar i gjennomføringa av byggeprosjektet.

6. Modulskule

| Rådmannen sitt framlegg kjem til å verta fremja på nytt | | Formannskapet si tilråding | |
|---|-------------|---|---------------------------|
| For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Stanghelle i byggeperioden 2018 – 2020. | | For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Dale i byggeperioden 2018 – 2020. | |
| Tilrettelegging tomter | 0,6 mill | 5,2 mill | Tilrettelegging tomter |
| Til- og nedrigging | 4,9 mill | 4,9 mill | Til- og nedrigging |
| Leige modulskule (større) | 2,9 mill | 5,0 mill | Leige modulskule (større) |
| Skysskostnader | 4,0 mill | 0,0 mill | Skysskostnader |
| Driftskostnadar skule | 6,0 mill | 0,0 mill | Driftskostnadar skule |
| Usikkerheit | 1,7 mill | 5,0 mill | Usikkerheit |
| TOTALT | 20,1 | 20,1 | TOTALT |

Rådmannen kvalitetssikrer tala til saka vert handsama i kommunestyremøte i oktober.

7. Rådmann vert beden om å utarbeide ein moglegheitstudie for gjenbruk av ungdomskulebygget samt forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.

Framlegg frå Heidi Rongved, AP:

Rådmannen vert beden om å utarbeida eit forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Tillegg til formannskapet si tilråding med rådmannen sine endringar i raudt.

Tillegg pkt. 6 (i grønt)

Modulskule vert nytta for Vaksdal skule 2020 – 2022

Jfr. Innstilling frå formannskapet 02.10.2017: «Val av løysing for midlertidige lokale/modulskule vert å sjå i samanheng og med nybygg/rehabilitering Vaksdal skule som vedteke sak 60/16 og i økonomiplan 2018 – 2021.»



Pkt. 7: Endra til forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.

Nytt pkt 8:

Barnas representant, einingsleiar Barnehage deltek i begge skuleprosjekta, Dale og Vaksdal. Barnas representant skal ivareta borns interesser i høve slike prosjekt, jfr. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Nytt pkt. 9:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal vere høyringsinstans og involverast i skuleprosjekta

Vaksdal kommune 2017 – 2022, jfr. Politisk styringssystem og delegasjonsreglement Vaksdal kommune.

«Ta del i planprosessar vedkommande kommunale bygg (nybygg og ombygging).»

Framlegg frå Tom Charles Johnssen, MDG:

Nytt punkt 10: Kommunen skal etterstrebe en energinøytral byggeprosess, jobbe for klimavennlig løøsninger.

Framlegg frå Erlend Ragnvaldsen, H:

Geitabakken utredes som et alternativ til plassering av moduls skule for å sikre etterbruk .

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Nytt punkt 10:

Kommunestyret ber om at det vert teke omsyn til gode miljømessige løøsingar og at ein tilstrebar eit minst mogleg fotavtrykk. Energiløøsingar vert og valt ut frå omsyn til bærekraft og levetid på bygget. Framlegga frå SV og MDG vart samordna, og det vart røysta over SV sitt framlegg.

Avrøysting:

Det vart røysta punkt for punkt:

Punkt 1 Samrøystes vedteke

Punkt 3 Samrøystes vedteke

Punkt 2 Samrøystes vedteke

Punkt 4 Samrøystes vedteke

Punkt 5 Samrøystes vedteke

Punkt 6 Kjartan Haugsnes sitt framlegg (grøn skrift) og formannskapet si tilråding vart sett opp mot kvarandre: H, KRF og FRP røysta for formannskapet si tilråding som dermed fall. Som ein konsekvens av dette vart det ikkje røysta over Erlend Ragnvaldsen sitt framlegg.

Tillegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

Punkt 7 Heidi Rongved sitt framlegg og formannskapet si tilråding vart sett opp mot kvarandre: Heidi Rongved sitt framlegg samrøystes vedteke.

Punkt 8 Samrøystes vedteke

Punkt 9 Samrøystes vedteke

Punkt 10 Samrøystes vedteke

Heile investeringa vart så teken opp til votering - denne vart vedteken mot 1 røyst (Erlend Ragnvaldsen, H)



KOM - sak 70/2017 Vedtak:

Med utgangspunkt i rådmannen si innstilling – alternativ 4 – til byggeprogram og kostnadsramme fastset kommunestyret:

1. Summen avsett til uføresett vert kr. 16,8 mill. (reduisert frå 19,6 i rådmannen sitt framlegg.)
2. Kostnadsramma (alternativ):

| | Alt 4iii |
|--------------------------|-------------|
| Skule K250 med: | |
| • 25 m basseng | + 25 mill. |
| • Aud./kult.sal. for 250 | + 15 mill. |
| Kostnadsramme | 262,5 mill. |

3. Kommunestyret forventar ei streng økonomistyring i prosjektet.

Når det gjeld disponering av summen til uføresett får:

- prosjektleiar fullmakt til å disponere inntil kr. 3,0 mill.
- byggenemnda fullmakt til å disponera kr. 5,0 mill.
- formannskapet fullmakt til å disponera kr. 8,8 mill.

4. Totalentreprenør og underentreprenører skal ha tariffavtale.
5. Alle utførande firma skal vera godkjende læreverksemdar. Det skal nyttast lærlingar i gjennomføringa av byggeprosjektet.
6. Modulskule

| For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Stanghelle i byggeperioden 2018 – 2020 | |
|--|---------------------------|
| 0,6 mill | Tilrettelegging tomter |
| 4,9 mill | Til- og nedrigging |
| 2,9 mill | Leige modulskule (større) |
| 4,0 mill | Skysskostnader |
| 6,0 mill | Driftskostnadar skule |
| 1,7 mill | Usikkerheit |
| 20,1 | TOTALT |

Modulskule vert nytta for Vaksdal skule 2020 – 2022

Val av løysing for midlertidige lokale/modulskule vert å sjå i samanheng og med nybygg/rehabilitering Vaksdal skule som vedteke sak 60/16 og i økonomiplan 2018 – 2021.

7. Rådmann vert beden om å utarbeide eit forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.
8. Barnas representant, einingsleiar Barnehage deltek i begge skuleprosjekta, Dale og Vaksdal. Barnas representant skal ivareta borns interesser i høve slike prosjekt, jfr. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging



9. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal vere høyringsinstans og involverast i skuleprosjekta Vaksdal kommune 2017 – 2022, jfr. Politisk styringssystem og delegasjonsreglement Vaksdal kommune. «Ta del i planprosessar vedkommande kommunale bygg (nybygg og ombygging).»
 10. Kommunestyret ber om at det vert teke omsyn til gode miljømessige løysingar og at ein tilstrebar eit minst mogleg fotavtrykk. Energiløysingar vert og valt ut frå omsyn til bærekraft og levetid på bygget.
-

71/2017: DELTAKING I VEST BRANN- OG REDNINGSREGION

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. _____ er Vaksdal kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Vaksdal kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 28.08.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak med atterhald om at fleirtalet av kommunane i Bergensalliansen sluttar seg til ordniga.

FPØ - sak 58/2017 Tilråding:

1. Vaksdal kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. _____ er Vaksdal kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Vaksdal kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst

Kommunestyret 18.09.2017

Behandling:

Heidi Rongved ba om at saka vert sendt tilbake til formannskapet. Ho ba og om at det kjem fram at Fagforbundet har godkjent referatet frå drøftingsmøtet.

Utsetjingsframlegget frå Heidi Rongved vart vedteke mot 2 røyster (H).



Vaksdal kommune

KOM - sak 58/2017 Vedtak:

Saka vert utsett og sendt tilbake til formannskapet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.10.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak

FPØ - sak 65/2017 Tilråding:

1. Vaksdal kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. _____ er Vaksdal kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Vaksdal kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst

Vedtaket er gjort med atterhald om at fleirtalet av kommunane i Bergensalliansen sluttar seg til ordninga.

Kommunestyret 16.10.2017

Behandling:

Saka utsett til 23.10.2017

KOM - sak 66/2017 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret 23.10.2017

Behandling:

Valnemnda vart samla for å komma med framlegg om årsmøtorepresentant. Dei valde å ikkje koma med innstilling på grunn av usikkerhet om kven som kan veljast. Valet vart difor utsett til neste møte i kommunestyret.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 71/2017 Vedtak:

1. Vaksdal kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Vaksdal kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. _____ er Vaksdal kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Vaksdal kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungere inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet



5. Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vere på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst

Vedtaket er gjort med atterhald om at fleirtalet av kommunane i Bergensalliansen sluttar seg til ordninga.

Kommunestyret utset å velja årsmøtorepresentant (punkt 3) til neste kommunestyremøte.

72/2017: INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - BARNEHAGEOPPTAK FOR 1 ÅRINGAR

Frå Kjartan Haugsnes ligg det føre slik interpellasjon:

Barnehageopptak for 1 åringar

Byrådet i Bergen har i sitt budsjettframlegg september 2017 vedteke å gje rett til barnehage frå fylte 1. år, og tilpassar seg slik meir til det som er verkelegheita for småbornsforeldre. Barnehageleva seier slik:

§ 12a. Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.

Det er soleis ikkje mykje som skil mellom lov og lovnad i Bergen med dette forslaget, men vil ha stor innverknad for dei born som i dag fell utanfor loven sin bokstav i § 12a.

Vaksdal kommune ønskjer å utvikle seg til ein attraktiv bukommune – og for småbornsforeldre. Nye barnehagar på Stanghelle og Vaksdal, og planlegging av ny barnehage på Dale på trappene er gode satsingar. Men skal ein kunne tiltrekke seg familiar til Vaksdal kan ikkje rammene for familiar vere dårlegare enn i nabokommunen Bergen.

På kort sikt vil og ein garanti for barnehageplass frå fylte 1 år kunne gjere kvardagen enklare for dei familiare som allereie bur i kommunen i dag.

Spørsmål:

Vil ordførar ta initiativ til å få på plass rett til barnehageplass i Vaksdal kommune frå fylte 1 år?

Kommunestyret 16.10.2017

Behandling:

Saka utsett til 23.10.2017



KOM - sak 67/2017 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret 23.10.2017

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Dette er eit positivt innspel. Som skrive i interpellasjonen kan dette gjera kommunen attraktiv for andre, men òg viktig er det at det vil hjelpe allereie busette til å få kvardagen til å gå opp. Med berre ein «teljedato» for born i barnehage har det allereie no i haust gjort foreldre urolege for korleis dei skal få kvardagen til å gå opp viss dei ikkje får barnehageplass på nyåret. Dette gjeld spesielt dei som har fått born som er født frå desember – juni. På ei anna side vil eit fleksibelt opptak bety at barnehagane til ei kvar tid må gå med høgare bemanning enn om ein planlegg for eit år om gongen. I første omgang arbeider administrasjonen med å opprette fleire plassar frå januar 2018 slik at dei som ønskjer kan få plass.

Eg vil be administrasjonen belyse/greie ut dei økonomiske og faglege konsekvensane av ein slik garanti. Utgreiinga må sjåast i samheng med ev. ny pedagog- og bemanningsnorm som er varsla til våren og kan inngå i arbeidet med nytt handlingsprogram og økonomiplan.

KOM - sak 72/2017 Vedtak/Tilråding:

SPØRSMÅL

Tom Charles Johnsen

Ønskjer status i granulatsaken

Rådmannen svarte